

Årsmelding

2017



Modalen kommune

Innhold




Rådmannen	side 3
IKT	side 14
Økonomi og rekneskap	side 30
Kulturkontoret	side 27
Modalen folkebibliotek	side 29
Sosialtenesta	side 30
Pleie- og omsorgstenesta	side 31
Helsesenteret	side 34
Mo skule	side 39
Modalen barnehage	side 42
Teknisk etat	side 46

Rådmannen

Årsmeldinga er ei tilbakemelding til kommunestyret frå alle einingane som kommunen har ansvaret for. Rådmannen har overordna ansvar for at me har ei rasjonell drift, fagleg kvalitet på tenestene og at einingane held seg innafør dei økonomiske rammene som kommunestyret har vedteke.

Leiarane av våre tenester rapporterer direkte til rådmannen i samsvar med den administrative organiseringa. Leiarane har ansvar for økonomi, personalfunksjonar og fagområde innan sine respektive einingar.

Den administrative organiseringa og samsvarande økonomisk rammeområde låg til grunn for kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2017. Hausten 2017 er organiseringa endra med ny rådmann og ny assisterande rådmann. Organisasjonskartet under viser organiseringa i kommunen ved utgangen av 2017.



Hausten 2017 vart det gjennomført mindre organisatoriske endringar. I samband med tilsetjing av ny assisterande rådmann, vart stillinga som kultur og utviklingssjef av økonomiske grunnar sett vakant i budsjetthandsaminga. Rådmann og assisterande rådmann skal i hovudsak ivareta oppgåvene i den vakante stillinga, i tillegg til at ein har leigd inn hjelp på kultorområdet tilsvarande ca. 20% stilling.

Rådmannen meiner vi har ei god administrativ organisering slik det fungerer i dag. Leiargruppa samhandlar godt, utvekslar erfaringar og yter kvarandre hjelp på tvers av egne ansvarsområde.

Men rådmannen vil også peika på dei utfordringar som kom fram i leiargruppa sine eigenvurderingar av ulike tenesteområde i forbindelse med kommunereformprosessen. Her vart det mellom anna peika på at vi stort sett berre har ein person innan kvart fagområde / ansvarsområde, og ofte har denne personen fleire roller. Dette gjer oss sårbare ved lengre fråvær og ved større utskifting av personell.

Dei tilsette i Modalen kommune utgjer den viktigaste ressursen som kommunen rår over. Ei opplæringsnemnd, der tillitsvalde er representert, styrer opplæringsmidlane som skal nyttast til utvikling og kunnskapsheving blant dei tilsette. Rådmannen og leiarane har også det overordna ansvaret for arbeidsmiljø og personalpolitikk, område som er viktige i alle organisasjonar. Det er kjøpt ulike tenester frå Bedriftshelsetenesta for å gjennomføre HMS-tiltak som vart planlagt for 2017. Overordna personalansvar og felles oppgåver er lagt til stillinga for assisterande rådmann.

Kommunestyret vedtok i desember 2012 ulike resultat og utviklingsområde for 2013-2014, med mål for rådmannen og dermed organisasjonen sitt arbeid innan:

- Økonomi
- Tenesteutvikling for innbyggjarar og medarbeidarar
- Lokalsamfunnsutvikling
- Samarbeid mellom politisk og administrativt nivå

Politisk er det ikkje utarbeidd nye reviderte resultat og utviklingsmål etter dette.

Rådmannen har internt i leiargruppa sett fokus på mål og resultatvurdering i organisasjonen. I budsjett / økonomiplan for 2017 sette einingsleiarane opp konkrete utviklingsmål for kvart tenesteområde. Desse måla dannar grunnlaget for evaluering av måloppnåing i denne årsmeldinga.

I samsvar med dette har einingsleiarane gjeve sine tilbakemeldingar i høve fastsette mål i budsjettet for 2017 saman med skildring av sine tenesteområde.

Rådmannen - Mål for 2017:

1. Gjennomføre ei tett oppfølging av og samordne tilrettelegginga for dei flyktningane kommunen har teke imot i 2016, og førebu mottak av inntil 5 nye flyktningar i 2017.

Gjennomført. Kommunen har personalressurs på 40% som er sett av til dette føremålet, og som har tett oppfølging av flyktningane, og er med på å tilretteleggje for dei. Kommunen var førebudd på å ta imot inntil 5 nye flyktningar i 2017, men på grunn av den sterke reduksjonen av flyktningar til landet vart ikkje Modalen beidd om å busetje nye flyktningar i 2017.

2. Innan 1.6. evaluere næringsfondsvedtekter samt revidere Strategisk næringsplan, og utarbeide sak til handsaming i kommunestyret.

Gjennomført. Saka var oppe til handsaming og godkjenning i kommunestyret i september 2017, der begge delar vart vedteke.

3. Gjennomføre felles samarbeidsprosjekt gjennom IKT-Nordhordland for digitalisering av intern og ekstern kommunikasjon frå/til kommunen. Halde fram utviklinga av kundetorget til eit dokument- og servicesenter for alle einingar i kommunen der prosjektet «Svar-Ut» er teke i bruk i løpet av 1. halvår.

Gjennomført. Svar –ut vart klar til bruk, og skal no vere den foretrukne måten å sende dokument ut frå kommunen på.

4. Delta i felles prosjekt for å etablere ei ny heimeside tilrettelagt for auka bruk og med betre funksjonalitet for digital kommunikasjon med innbyggjarar, næringsliv og andre brukarar av kommunale tenester.

Gjennomført. I følgje tidsplanen for prosjektet skal den nye heimesida til kommunen vere klar til bruk i løpet av tredje kvartal 2018.

5. Framforhandle avtale om å integrere brannvernet i Modalen som del av Lindås og Meland brann og redning i løpet av 2017.

Gjennomført. Modalen er no ein del av Lindås, Meland og Modalen brann og redning. Det pågår og eit prosjekt med tanke på å utvide dette samarbeidet til andre kommunar, med tanke på å opprette Nordhordland brann og redning. I fyrste omgang er kommunane Radøy og Austrheim aktuelle for å slutte seg til, medan andre kommunar kan komme til seinare.

Overordna ROS-analyse

Den overordna ROS-analysen vart vedteken av kommunestyret i møte den 22.09. 2016 (Ksak 048/16).

I samvar med kommunestyret sitt vedtak er ulike tiltak følgt opp i løpande drift og ved oppfølging i budsjettarbeidet for 2017 og økonomiplanperioden. Prioriterte tiltak, som varslingssteneste, vart anskaffa og klargjort for bruk i 2017.

Folketalsutvikling

Ved inngangen til 2017 var folketalet i Modalen 383 innbyggjarar, og sank til 380 ved utgangen av året. Fem vart fødd og fem døydde. Innanlands flytting i løpet av året var: 16 personar flytta inn og 19 flytta ut av kommunen.

Samla sett var det soleis ein liten nedgang i folketalet i 2017, men det er verd å merka seg at flytting er den faktoren som gjev størst utslag. Likeeins at utan busetting av flyktingar i 2016 ville Modalen hatt ein større reduksjon. I underkant av 10 % av innbyggjarane har no utanlands bakrunn eller er norskfødte med innvandarforeldre. Statistisk sentralbyrå sine prognosar for folketalutviklinga er positive for komande år med eit forventa folketal på 430 i 2030. Så langt har det vore vanskeleg å bryte 400-talet.

I Modalen har folketalet hatt slik utvikling :

Per 1.1.	1994	2004	2009	2010	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Innbyggjarta l	343	366	351	344	370	383	372	378	381	383	380

I tiårsperioden frå 2004 til 2014 har folketalet vore nær stabilt, men med mindre årlege svingingar. Frå 2014 har det vore ein liten, men årleg positiv auke, fram til 2017 med ein liten nedgang.

Kommunale utleigebustader – bygging av nye private bustader – bustadtomter

Etter revisjon av tilskotsreglementet for bustader i 2011 så har det vore ein betydeleg auke i talet på bygging av nye private bustader. I tillegg har det vore ein auke i talet på eldre hus som er kjøpt og rehabilitert. Det vart i 2017 ferdigstilt 1 nytt hus og det vart utbetalt kr 130.000 til bustadkjøp og teknisk utbetring.

På Mo og Øvre Helland er det berre ei ledig kommunal tomt på kvar stad medan det er 3 tomter ved barnehagen på Helland. I tillegg er det nokre regulerte tomter i privat eige. Det er derfor no behov for å få klargjort nye tomter, særleg på eller nær Mo.

Tal nye bustader teke i bruk:

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Oppføring av nye private bustader	0	3	7	3	0	0	1
Tilskot til kjøp/ rehabilitering av bustad	2	3	2	1	4	4	2

Utbetalt tilskot til bygging og kjøp/utbetring av eldre bustader:

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Utbetalt tilskot til oppføring av nye private bustader (tal i 1.000 kr)	0	750	1.500	750	0	0	250
Utbetalt tilskot til kjøp / rehabilitering av bustader (tal i 1.000 kr)	251	300	150	80	454	573	130

Planlagt sal av ein eldre bustad på Øvre Helland vart stogga for å halde den ledig til busetting av flyktningar i 2016, men alle flyktningane vart busette på Mo. Bustaden blei solgt 2017.

Kommunestyret vedtok i 2012 (Ksak 033/12) at det skulle innførast standardiserte leigekontraktar med ei tidsgrensing på 3 år ved utleige av kommunale bustader. Det er gjennomført oppfølging av 3 års fristen i kontraktar inngått frå og med 2016.

Oppfølging av restansar for lån og husleige

Modalen kommune har i 2017 gjennomført oppfølging av uteståande krav av husleige for bustader som er utleid på forretningsmessig vis. Det er behov for ytterlegare oppfølging som vil verte iverksett i 2018. Det er sett av midlar i rekneskapet for moglege tap.

Likestilling

Arbeidsgjevar har ei plikt til å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremma likestilling og hindra diskriminering. Modalen kommune har framleis ei overvekt av kvinnelege arbeidstakarar. Begge kjønn er representert på nær alle nivå i politikk og administrasjon. Rådmannen kan ikkje sjå at det er trong for å setja i verk spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindra forskjellshandtering i Modalen kommune. Ved tilsettingar i kommunen vert søkjar sine kvalifikasjonar vektlagt, og ikkje kjønn. Talet på kvinner i leiarstillingar har auka dei siste åra. Arbeid mot uønskt deltid er eit anna viktig likestillingsmål, for her er kvinner overrepresentert i samfunnet. Også i Modalen kommune er kvinner overrepresentert i små stillingar i høve til menn. Det har vore sett fokus på dette, og ein har arbeidd bevisst for å sikra deltidsarbeidande størst mogleg stilling i kommunen. Eit av tiltaka har vore å tilby deltidsarbeidande stillingsutviding på tvers av tenesteområda.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik for fast tilsette i kommunen dei siste 5 åra:

Stillingsstorleik snitt	2013	2014	2015	2016	2017
Kvinner	80 %	78 %	73 %	73 %	75%
Menn	92 %	91%	90 %	90 %	87%

Kjønnsfordeling av fast tilsette

	Pr. 1. 1. 2017			
	Menn	%	Kvinner	%
Rådmann/ assisterande rådmann	2	100	0	0
Einingsleiarar	2	25	4	75
Andre tilsette	18	19	77	81
Alle tilsette i Modalen kommune	22	21	82	79

I kommunestyret er det åtte menn og fem kvinner. I formannskapet auka tal kvinner frå to til tre etter sist val.

Diskriminering og etikk

Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Modalen kommune vart vedtekne i desember 2010. Modalen kommune er tilmeldt KS sitt styrevervregister <http://www.styrevervregisteret.no/> med lenke lagt inn på kommunen si heimeside. Her kan ein finne opplysningar om ulike verv som tilsette og politikarar har i andre selskap og organisasjonar. Det er ikkje registrert tilhøve som bryt med etiske retningslinjer.

Det er gjennomført tiltak dei siste åra for å betre universell utforming ved helsesenteret og ved busstopp Mo skule. Det er ei utfordring at funksjonshemma framleis ikkje har tilgjenge til andre høgda i kommunehuset.

Personalpolitiske retningslinjer

Retningslinjer for lønnspolitikk og seniorpolitiske tiltak vart innført frå 01.01.10. Desse er retningsgjevande for kommunen sin personal- og lønnspolitikk. Retningslinjene vart revidert i 2017.

Eit oversyn over dei tilsette syner at om lag 40% av arbeidsstokken i kommunen er over 50 år og vel 10 % er over 60 år. Dette er positivt med tanke på at vi då har ei stor gruppe rutinerte tilsette med solid erfaring frå arbeidslivet. Samstundes syner tala at det ligg ei utfordring i at mange i denne gruppa i løpet av dei neste ti åra vil gå ut av arbeidslivet. I tida framover er det derfor trong for ein arbeidsgjevarpolitikk som gjer at me får behalda seniorane, men samstundes må me setja inn tiltak for ny rekruttering. I den samanheng må me vera ein attraktiv arbeidsgjevar som trekkjer til oss kompetanse for framtida. Me må mellom anna vurdere om me skal ha ei meir offensiv satsing på rekruttering av unge arbeidstakarar til dømes gjennom lærlingeordninga. I dag har me tre læreplassar i kommunen.

HMS- arbeid

I organisasjonen vert det fokusert på oppfølging av HMS-arbeid og sjukefråvær. Det har vore utført vernerundar ved alle verneområda. Det er ikkje registrert ulukker eller skader på personalet. Kommunen har avtale med Salutis AS (tidlegare HMS-gruppen), som er Modalen kommune si bedriftshelseteneste. Dei har bidrege med rettleiing, kontrollar, opplæring og førebyggjande tiltak. Det vert laga ein plan for HMS-arbeidet ved inngangen til kvart nytt år. Leiarane på einingsnivå er ansvarlege for å fylgje opp dette arbeidet. Det var tre møter i AMU i 2017. Bedriftshelsetenesta deltok på møta.

Sjukefråvær i %:

År	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal	Samla
2010	6.1	5.1	5.1	6.3	5.7
2011	7.1	7.3	8.0	9.3	7.9
2012	12.1	11.8	10.5	9.9	11.1
2013	10.7	10.1	7.0	7.8	8.8
2014	7.7	9.5	8.9	8.8	8.8
2015	8.7	9.2	4.2	8.6	7.6
2016	11,3	7,9	5,4	9,6	8,5
2017	13,4	13,3	9,1	7,3	10,8

Fråvær gjeld alle som får fast utbetalt lønn (inkludert faste vikarar). Eigenmeldingar er medrekna.

Modalen kommune er ei inkluderande arbeidslivsverksemd. Det vil seie at me har forplikta oss til å arbeida for inkludering av dei som står i fare for å falla ut av arbeidslivet, eller som slit med å koma inn i arbeidslivet. Kommunen som arbeidsgjevar, dei tillitsvalde og NAV Arbeidslivssenter er partar i avtalen. Det utarbeidd lokale delmål i IA-avtalen vedkomande: 1- Sjukefråvær 2 - Personar med redusert funksjonsevne 3 - Avgangsalder.

Resultatmålet for det lokale sjukefråværsarbeidet fram til utgangen av 2018 er eit sjukefråvær på maksimalt 6,5%, målt som gjennomsnitt for dei tre siste åra. Kommunen har ikkje klart å nå dette resultatmålet. Likevel ser me ei positiv utvikling dei siste åra, med unntak av 2017.

Det er kontinuerleg fokus på sjukefråværsarbeidet, og i tilfelle der fråværet kan skuldast tilhøve på arbeidsplassen prøver ein å leggja til rette for å redusera arbeidsbelastninga så langt det let seg gjera. Det er langtidsfråværet som gjev utslag på fråværsprosenten. Korttidsfråværet ved alle einingar er lågt.

Også 2017 har vore eit godt arbeidsår for Modalen kommune. Det er gjennomført viktig og godt arbeid med organisasjonsutvikling og tenesteutvikling i dei ulike einingane. Eingsleiarane presenterte sine fokus- og utviklingsområde for kommunestyret i budsjettprosessen hausten 2017.

Rådmannen vil her retta ei stor takk til alle tilsette for vel utført arbeid i 2017 og til tillitsvalde og leiarar for godt samarbeid gjennom året.

Rådmannen vil også takka for samarbeidet med politikarane.

MØTE I POLITISKE ORGAN OG OPPFØLGING AV VEDTAK

Kommunestyret



Kommunestyret har følgjande medlemmar i perioden (2015 - 2019):

SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Kristin Nåmdal, <i>varaordfører</i>	Tom Kristian Thorsen, <i>ordfører</i>
Kjetil Eikefet	Linda Neset
Anne Britt Almelid	Ann-Jorunn Farestveit
Liv Anne Aanesen	Frank Stian Steinsland
Roger Wilhelm Fure	Håvard Engeseth
Svanhild Moberg Nordaas	Robert Helland
	Sigmund Vikane

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Tal møter	8	7	6	6	4 + 3 2)	9 3)	7
Tal saker	58	71	40	47 1)	58 1)	74 1)	64

- 1) Ved innføring av nytt sak og arkivsystem har ein innført faste saker for:
 «Godkjenning av innkalling og sakliste», «Godkjenning av møtebok»,
 «Referatsaker» og «Orienteringssaker». Dette medfører at tal saker som vert registrert i møtebøkene aukar i høve tidlegare år.

Innkallingar og protokollar vert no sendt ut elektronisk til kommunestyre / formannskap og vert lagt ut på kommunen si heimeside. Kommunestyret har teke i bruk den nye politkarportalen og brukar sine private PC-ar til politiske gjeremål. For dette får dei ei årleg godtgjering. Innføringa av elektronisk utsending har redusert kostnader til porto og effektivisert dette arbeidet.

Kommunestyret har i 2017 mellom anna handsama følgjande saker:

Dato	Saknr	Saka gjeld
16/2	005/17	Avtale med Modalen kraftlag
16/2	006/17	Reviderte retningslinjer for tildeling av kulturmidler
16/2	007/17	Tilrettelegging helleristninger v/Mostraumen
16/2	008/17	Revisjon vedtekter skulefritidsordning
16/2	009/17	Revisjon vedtekter Modalen barnehage
28/3	014/17	Rekruttering rådmann
20/4	019/17	Omtvista kravfrå Modalen kraftlag til Modalen kommune
20/4	021/17	Val av røystestyre for 2017 - 2019
20/4	022/17	Brannsamarbeid mellom kommunane Lindås, Meland og Modalen
20/4	023/17	Lokal forskrift om feing og tilsyn, samt regulering av feiegebyr
20/4	024/17	Sandindustriutstilling i Modalen
15/6	029/17	Årsmelding og rekneskap 2016
15/6	030/17	Tertialrapport 1 2017
15/6	031/17	Finansregelement – rullering
15/6	033/17	Avtale vedk kommunal kai i Mostraumvika
15/6	035/17	Saksframlegg Forskrift om tildeling langtidsopphald i institusjon
15/6	037/17	Samarbeidsavtale for Nordhordland og Gulen Int.kom Byggetilsyn
15/6	039/17	Tilsetjing av ny rådmann
15/6	040/17	Region Nordhordland helsehus
21/9	045/17	Revidersing av strategisk næringsplan og vedtekter Næringsfondet
21/9	047/17	Tilskot til profileringsfilmar – friluftsturar i Modalen
9/11	052/17	Etablering av Vest brann- og redningsregion
9/11	053/17	Regulering av feste- og fornyingsavgiftene for grav
9/11	054/17	Tertialrapport nr 2 2017
14/12	059/17	Regulering av nytt bustadområde
14/12	060/17	Retningsliner for kommunale viglsar i Modalen kommune
14/12	061/17	Betaling for kommunale tenester 2018
14/12	062/17	Budsjett og økonomiplan 2018 - 2021
14/12	063/17	Saksframlegg Nordhordland Biosfære

Etter rådmannen si vurdering er kommunestyret sine vedtak i 2017 gjennomført og følgt opp av administrasjonen som føresett.

Formannskapet

Formannskapet har følgjande medlemar i perioden (2015 - 2019):

SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Kristin Nåmdal, <i>varaordfører</i>	Tom Kristian Thorsen, <i>ordfører</i>
Kjetil Eikefet	Linda Neset
	Ann-Jorunn Farestveit

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Tal møter	8	7	9	7	7 2)	9 + 3	9	10
Tal saker	52	50	65	41	47 1)	69	68	64 1)

- 1) Ved innføring av nytt sak- og arkivsystem har ein innført faste saker for:
 «Godkjenning av innkalling og sakliste», «Godkjenning av møtebok»,
 «Referatsaker» og «Orienteringssaker». Dette medfører at tal saker som vert registrert i møtebøkene aukar i høve tidlegare år.

Etter rådmannen si vurdering er formannskapet sine vedtak i 2017 gjennomført og følgt opp av administrasjonen som føresett.

UNGDOMSRÅDET

Ungdomsrådet i Modalen vart oppretta 15. november 2015, og skal vere eit synleg og aktivt råd, for å fremje ungdommen i Modalen sine meiningar. Modalen ungdomsråd skal arbeida med saker som engasjerer ungdommar, og vere tilgjengeleg for politikarane i aktuelle saker. Ungdomsrådet har uttalt seg til politiske saker som vedkjem ungdomane og framtida deira i Modalen. Referat frå møta deira vert lagt ut på kommunen si heimeside

Ungdomsrådet har vore representert på Ungdommens fylkesting i Hordaland , og dei har laga til arrangement for ungdomar, som til dømes Halloween party.

IKT SAMARBEID

Modalen kommune har felles IKT-drift saman med kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Interkommunale IKT-tenester Nordhordland er oppretta og organisert som eit interkommunalt samarbeid etter vertskommuneprinsippet, der Osterøy kommune er vertskommune. IKTNH drifter IKT- oppgåver for samarbeidskommunane, og vertskommunen har einerett til å levera driftstenester innan IKT til dei deltakande kommunane. Styringsgruppe for IKTNH er rådmennene i samarbeidande kommunar.

Gjennom året har det vore fokus på å følgje opp dei ulike fellesprosjekta som er sett i verk gjennom det regionale IKT-samarbeidet.

Det har vore eit vesentleg overforbruk i forhold til budsjettet under ansvar 1400, *IT-konsulent*. Totalt utgjør dette ca. kr 400 000,- for 2017. Overforbruket er mellom anna knytt til auka kostnader til fellesfunksjonar, barnehage, lækjarteneste, kart og oppmåling og administrative kostnader. Ein ser likevel at felles IKT-samarbeid gjev innsparingar på ulike område samstundes som kvalitet på drifta er vorte betre enn om kommunen skulle drifte dette sjølv.

Fordeling av kostnadane for drift av IKTNH skjer etter ein modell der 1/3 av kostnadane vert fordelt flatt mellom kommunane og 2/3 etter folketal. Utgifter knytt til kommunane sine lisensar og lokalt utstyr vert betalt direkte av den einskilde kommune.

KUNDETORGET

Kundetorget har 3 tilsette og for tida 1 lærling fram til august 31 August. Kundetorget sine oppgåver rettar seg både mot publikum, og internt i organisasjonen. I 2017 er det jobba med fleire store ulike prosjekt innan økonomi, lønn, digitalisering av byggesaksarkiv og ny heimeside. Driftsoppgåver knytt til IKT blir utført av Interkommunale IKT-Tenester Nordhordland (IKTNH). Kundetorget har også vore sterkt engasjert i innføringa, opplæringa og bruken av dei nye IKT-løysingane. For å styrkje kommunen sitt fokus på digitalisering av intern og ekstern kommunikasjon er stillinga som IKT/økonomi-rådgjevar no knytt til kunde- og servicetorget, men og til å utføre oppgåver ved kommunekassa. Dette vil gje overlappende kunnskap til utføring av ulike oppgåver ved sjukdom og ferie.

Næringsfondsstyret

Medlemene i formannskapet er også næringsfondsstyret.

År	Tal møter	Tal saker	Tilskot løyvd kr	Lån løyvd kr
2010	7*	8 *)	728 700	0
2011	7	11	861 850	375 000
2012	2	7 *)	940 929	0
2012	(Delegasjon rådm.)	3	28 000	-
2013	4	6 *)	947 000	250 000
2013	(Delegasjon rådm)	3	138 500	22 000
2014	2	9	160 300	23 400
2014	(Delegasjon rådm)	7 **)	125 520	-
2015	2	8	2.578 000 2)	2.037 495 2)
2015	(Delegasjon rådm)	5	313.400	-
2016	6	25 (4) 1)	531 760	184 665
2016	(Delegasjon rådm)	5 **)	103.800	-
2017	5	9	1 259 301	667 736
2017	(Delegasjon rådm)	7	242 500	0

*) Ei handsama sak var ei klagesak. **) Inkludert avslag på ein søknad

- 1) Dersom antal saker vert korrigert i høve tidlegare registrering så gjorde næringsfondsstyret vedtak om stønad i berre 4 saker.
- 2) Summen inkluderer tilskot til Coop Øvre Helland Nærbutikk sak FOR 025/2015 og kommunestyrevedtak i sak 056/2015 om å yte kr 1.600.000 i tilskot og kr 1.700.000 i lån til Modalen Næringsbygg AS.

Det vart gjennomført revisjon av fondsvedtektene og strategisk næringsplan i 2017. Formannskapet/fondsstyret var styringsgruppe for dette arbeidet.

Løyvde summar i tabellen ovanfor syner den øvre ramma for kommunen sine forpliktingar til mottakarar i dei aktuelle år. Denne summen kan verte mindre om prosjekt ikkje vert gjennomført som omsøkt.

Tilsegn om stønad er slik fordelt på ulike næringar:

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Landbruk	6	8	2	5	5*	4	?
Reiseliv/service/handel	2	0	4	1	1	1	10
Industri/produksjon/anlegg	0	0	1	0	1	1	1
Prosjekt/anna	3	2	1	3	1	2	3

*Frå næringsfondet er det i tillegg gjeve tilskot ved generasjonsskifte på ein gard.

Osterfjord Næringssamarbeid

Osterøy, Vaksdal og Modalen har eit samarbeid gjennom Osterfjord Næringssamarbeid, som får tildelt midlar til si verksemd frå Hordaland fylkeskommune. Det er gjeve stønad til følgjande verksemdar i Modalen i 2017:

- Kr. 25 000,- til reiselivsgruppa for å utarbeide oppstartsstrategi.
- Kr. 25 000,- til Ta Fjorden Tilbake AS for å utarbeide oppstartsstrategi.
- Kr. 75 000,- til Einar Sofienlund til forstudie av prosjekt for å undersøke moglegheit for produksjon av hydrogen i småskala til ein rasjonell kostnad.

Utvikling av status for Næringsfond:

År	Inngående saldo pr.	Utgående saldo pr.
2010	6 620 506	2 235 118
2011	2 235 118	8 577 992
2012	8 577 992	8 443 268
2013	8 443 268	9 846 208
2014	9 846 208	13 014 207
2015	13 014 207	12 767 508
2016	12 767 508	10 713 406
2017	10 713 406	11 503 748

Av næringsfondet er kr 2 millionar bunde som **grunnkapital** og denne er **inkludert** i saldoar ovanfor.

BRUK OG TILGANG – NÆRINGSFONDET 2017

	Bruk	Note	Tilgang
Saldo pr. 01.01.2017		10	8 713 406
Konsesjonsavgift mv			5 403 985
Konsesjonskraftsal til Modalen			79 676
Renter og avdrag			58 464
Anna inntekt			
Utlån til privat verksemd			
Tilskot til bustader	350 000		
Tilskot til privat verksemd	327 631		
Elevstipend	420 060		
Utgift i drift (mellom anna	217 180		
Lønskostnader delstilling	155 601		
Konsulent/advokathjelp i drift	74 826		
Tapsføring	0		
Finansiering av investering	0		
Korr avsetjing til nytt servicebygg	4 000 000		
Saldo pr. 31.12.2017			9 503 748

*Summen er eksklusiv kr 2 millionar kroner bunde som grunnkapital. (Rekneskap note10)

Næringsfondet vert også nytta til finansiering av investeringar i infrastruktur, tilskot til bustadetablering og andre føremål utover direkte stønad til næringsverksemd.

Kommunestyret vedtok i 2012 ein langsiktig avtale om sal av kommunen si konsesjonskraft til Modalen kraftlag. Midlar frå sal av kraft til lokalt næringsliv er avsett i næringsfondet som føresett i kommunestyrevedtaket.

Modalen kommune har forskottert kr 2 800 000,- til utbetaling av Fv 569 Dalseid-Eidslandet. Av desse midlane vart kr 424 242,- refundert frå Hordaland fylkeskommune i januar 2015. Resterande forskottering kan ikkje ventast refundert før etter 2018. Midlane vil verta tilbakeført til næringsfondet.

Økonomi og rekneskap

Det viktigaste økonomiske nøkkeltalet når det gjeld å vurdere drifta i kommunen, er netto driftsresultat. Det er tilrådd å leggja til grunn at netto driftsresultat bør vera på om lag 1,75 % av driftsinntekta for å ha ein sunn økonomi. Netto driftsresultat er overskotet frå den løpande drifta i rekneskapsåret som kommunen kan nytta til avsetjingar og investeringar.

Rekneskapsåret 2017 i Modalen kommune er avslutta med eit positivt netto driftsresultat på kr 10,3 millionar. Det utgjer 10,4 % av samla driftsinntekt som var på kr 99,5 millionar. Rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot for 2017 er kr 175 474. Dette kjem fram etter at netto driftsresultat er justert for fondsbruk og avsetjingar, samt disponering av resultatet frå 2016.

Dersom me korrigerer resultatet for postane knytt til premieavvik, samt netto avsetjing til bundne driftsfond kjem ein fram til Korrigert netto driftsresultat. Korrigert netto driftsresultat vart om lag kr 5,6 millionar.

Lønsutgifta er den største utgiftsposten til kommunen. Kr 55,9 millionar inkl sosiale kostnader (54,2 millionar i 2016) av samla driftsutgifter på kr 95,6 millionar, utgjer 58,5 % (59,2 % i 2019). Lønsandelen av utgiftene er lågare i Modalen kommune enn i dei fleste andre kommunar, men dette må òg sjåast i samanheng med at vi kjøper ein del tenester frå andre kommunar og frå vikarbyrå. Rekneskapsskjema 2A for investering syner eit samla finansieringsbehov på kr 3,1 millionar. Det har ikkje vore nokon store investeringsprosjekt i 2017. Dei største prosjekta i 2017 har vore ny Lift, autovern til vegar og rehabilitering av kommunale bustader med ei samla utgift i 2017 på kr 1,1 millionar for dei 3 prosjekta.

Kommunebarometeret

Kommunal rapport har vurdert dei førebelse Kostra-tala til kommunane. Når det gjeld dei økonomiske nøkkeltala, vert Modalen rangert som nr 3 i landet mot 14. plass i fjor. Dette kjem fram som ei samla vurdering av ei rekkje økonomiske nøkkeltal.

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Plass på økonomibarometeret	29	16	28	16	10	14	3


2018-barometeret har tal for rekneskapsåret 2017. Tilsvarende forskyving dei andre åra.

VURDERING

Resultat i drifta

2017 har gjeve eit godt, positivt netto driftsresultat for kommunen.

Diagram: Utvikling netto driftsresultat 2012-2017 (Tal i 1000)




Netto driftsresultat er resultatet av løpande driftsutgift og driftsinntekt, inkludert finansinntekt og finansutgift. Avskrivningar inngår ikkje i resultatet. Netto driftsresultat er knytt til den løpande drifta og gjev eit uttrykk for handlefridomen til kommunen det einskilde år, samt gjev ein peikepinn på kor robust økonomien er.

I samandraget er det peika på premieavviksinntekt som er ein post som påverkar netto driftsresultat utan eigentleg å vere ein del av den løpande, ordinære drifta. I tillegg til dette kan ein ha (stor) inntekt frå øymerka/bundne midlar. Resultatet justert for premieavvik, og justert for netto avsetjing til bundne fond, fører fram til **korrigert netto driftsresultat**. Dette utgjer kr 5,6 millionar i 2017 mot kr 4,3 millionar i 2016 og kr 7,1 millionar i 2015.

Kr 5,6 millionar utgjer 5,6 % av driftsinntektene. Tilsvarende resultatprosent var 4,7 % i 2016 og 8,0 % 2015. Dette er høgt over tilrådd nivå, og har vore høgt dei seinare åra. I 2017 fekk kommunen høge øymerka tilskot frå F-mannen til kalkingsanlegg. Kr 4,8 millionar er netto sett av til fond. Det bidrar såleis til kr 4,8 millionar av netto driftsresultat, men er trukket ut av Korrigert netto driftsresultat.

Kommunebarometeret til Kommunal rapport legg til grunn **korrigert netto driftsresultat** ved vurdering og samanlikning av kommunar. Under følgjer ein tabell for dette.

Diagram: Korrigert netto driftsresultat 2012-2017 (tal i 1000)



Det har mange gongar vore peika på at kommunen treng høge driftsresultat for å kunna finansiera investeringsutgiftene med egne oppsparte midlar. Korrigert netto driftsresultat på kr 5,6 millionar er tett opp til gjennomsnittet for dei siste 5 åra, som er 5,7 millionar. Merk at Rådmannen tidlegare har vist til at det er viktig å oppretthalda eit høgt driftsresultat samt å tilpassa investeringsnivået til driftsresultata over tid. I budsjett- og økonomiplanarbeidet dei seinare åra har det vore eit særleg fokus på tilhøvet mellom årleg driftsresultat og investeringsnivå. Merk òg at mykje av resultatet knyt seg til Næringsfondsmidlar, der det er avgrensingar på bruken. Det er eit klart auka press på resultatnivået som følgje av nedgangen i eigedomsskatteinntekt som har komme, og som etter prognosane vil forsterka seg i åra som kjem.

Rekneskapsmessig mindreforbruk: kr 175 474,21

Rekneskapsmessig mindreforbruk er netto driftsresultat korrigert for avsetjingar, bruk av avsetjingar og finansiering av utgifter i investeringsrekneskaper. Kommunestyret skal gjera vedtak om disponering av dette resultatet.

Driftsinntekt


Modalen kommune har høg inntekt, noko som er nødvendig for ein svært liten kommune om ein skal kunne tilby spekteret av velferdstenester, samt tilrettelegging og utvikling av infrastruktur mv. Diagrammet under syner at 39,76 % (19,50 % + 20,26 %) av samla driftsinntekt kjem frå postane naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt. (Tilsvarende prosent i 2016 og 2015 var 45,11 % og 47,78 %) Det meste av dette er knytt til inntekt frå kraftproduksjon. Me ser klart effekten av redusert eigedomsskatteinntekt. Rammetilskot frå staten og personsatt er av mykje mindre betydning i Modalen kommune enn dei fleste andre kommunar, der desse inntektspostane er dei klart største. Prosentandelen er til saman 29,14 % for desse postane i 2017, ganske likt i høve til 2016, då prosentandelen var 29,59 %.

Det er såleis tydeleg at det framleis er inntekt basert på utnytting av kommunen sine egne ressursar som er det viktigaste grunnlaget for den kommunale tenesteytinga og samla utgift i

kommunerekneskapen. Dette biletet har vore relativt stabilt dei siste ti åra, der naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt har svinga noko omkring 50 % av dei samla inntektene i perioden, men ein ser no ein klar nedgang som følgje av reduksjonen i eigedomsskatteinntekt.

Rammetilskot frå staten har i same periode svinga frå om lag 16 % i 2000 ned til under 8 % av dei samla inntektene i 2010, og opp til 20,26 % i 2017 (NB: stor auke i 2011 som følgje av innlemminga av barnehagetilskot i rammetilskotet). Samla driftsinntekt auka med 8,1 % i høve til 2016, medan auken i driftsutgift var på 4,0 %, sjå lenger nede om dette.

Diagram: Fordeling av samla inntekt på ulike inntektspostar 2017



Driftsutgift

Driftsutgiftene til kommunen har auka frå kr 91,9 millionar til kr 95,6 millionar frå 2016 til 2017. Auken utgjer 4,0 %, ein lågare utgiftsvekst enn året før (4,7 %). Dette er inklusiv avskrivningar og utanom finanspostane. Avskrivingsutgift vert nulla ved eigen motposter i kommunerekneskapen og er ikkje med i netto driftsresultat.

Utgiftsveksten er høgare enn inntektsveksten i år, men lågare enn utgiftsveksten i 2016.

Auken i samla driftsutgift er høgare enn dei fleste åra i siste 6 års periode, samt høgare enn vanleg pris- og lønsvekst skulle tilseie. Den kommunale prisindikatoren/deflatoren var sett til 2,3 % i 2017.

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Sum driftsutgift (tal i 1000)	82 219	84 997	86 147	87 780	91 923	95 616
Prosentvis endring	5,92 %	3,37 %	1,36 %	1,90 %	4,72 %	4,02 %

Høg utgiftsvekst skuldast mellom anna:

- Auka utgift til vikarbyrå
- Integrasjon av flyktningar (finansiert med tilskotsmidlar)
- Flytting av utgift frå investering (løyving i investeringsbudsjettet)
- Kalkingsstasjon (finansiert med midlar frå Staten)
- Utgift til sosialstønad

Løn inkl. vikarbyrå og refusjon sjukeløn

Lønsutgift inklusiv sosiale utgifter (pensjon/arbeidsgjevaravgift), refusjonsinntekt frå sjukmeldingar og fødselspermisjon, er auka med 3,2 % Tek me òg omsyn til bruken av vikarbyrå vert auken 6,0 %. Det er i hovudsak innan Pleie og omsorg det har vore bruk av vikarbyrå.

KS opplyser at utrekna årslønsvekst frå 2016 til 2017 for kommunane er 2,4 %.

Tabell: Utvikling 2012-2017 Løn inkl sos.utgift, vikarbyrå og refusjon

(Rekneskapstal i tusen)	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Lønsutgift	39 206	39 708	40 198	42 668	43 197	44 765
Oppg.pl ytingar					427	425
Sosial utgift	9 485	10 248	10 736	10 455	10 972	11 135
Vikarbyrå	0	1 000	3 399	1 376	590	2 408
Ref sjukeløn	-1 893	-2 010	-1 923	-2 014	-2 071	-2 460
Ref fødselspengar	-202	-334	-242	-987	-570	-582
Netto løn inkl vikarbyrå	46 596	48 612	52 168	51 498	52 545	55 691
Endring i %	4,35 %	4,33 %	7,32 %	-1,28 %	2,03 %	5,99 %

Budsjettstyring og avvik

	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap	Avvik	Avvik i %
	2017	2017	2017	2016		
Rådm/sentraladm.	12 540 654	13 900 000	13 800 000	12 176 331	- 1 359 346	-9,8 %
Kultur	3 040 442	3 060 000	2 950 000	3 354 136	- 19 558	-0,6 %
Sosial/barnevern	999 362	781 703	781 703	1 015 799	217 659	27,8 %
Skule	10 285 414	10 750 000	10 750 000	10 433 242	- 464 586	-4,3 %
Barnehage	4 226 881	4 900 000	4 900 000	4 371 542	- 673 119	-13,7 %
Pleie og omsorg	15 247 367	14 250 000	14 250 000	13 465 159	997 367	7,0 %
Kommunelege	4 797 167	4 900 000	4 900 000	4 638 259	- 102 833	-2,1 %
Teknisk	12 618 797	12 590 000	11 650 000	12 760 108	28 797	0,2 %
T O T A L T	63 756 084	65 131 703	63 981 703	62 214 575	- 1 375 619	-2,1 %

Oversikta syner nettoutgift pr. budsjettområde på det nivået som kommunestyret har gjeve budsjettløyvingane. Kommunestyret har gjeve rammeløyving til desse budsjettområda: Rådmannen/sentraladministrasjon, Kultur, Sosial og barnevern, Skule, Barnehage, Pleie og omsorg, Kommunelege og Teknisk.

5 av budsjettområda har mindreforbruk i høve til budsjettløyvinga, og 3 av budsjettområda har meirforbruk. Samla er budsjettområda innanfor samla løyving med eit mindreforbruk på om lag kr 1,4 millionar, som utgjør 2,1 %. Tilsvarende mindreforbruk i 2016 var 2,9 %.

Forklaring negative avvik:

Sosial og barnevern

- Auke i ytingar til livsopphald

Pleie og omsorg

- Høgt sjukefråvær
- Auke i utgift til vikarbyrå

Teknisk etat

- Uvesentleg meirforbruk


Investering

Det har vore relativt låg investeringsaktivitet i 2017 med eit samla finansieringsbehov på kr 3,1 millionar, jfr. rekneskapsskjema 2A. Samla investering i anleggsmidlar er kr 2,1 millionar. Investeringsrekneskaperen er avslutta/saldert i balanse, finansiert med eigne midlar, bruk av bundne investeringsfond (kalkingsstasjonen), mva-kompensasjon og noko anna inntekt. Det er relativt stor inntekt i 2017 frå sal av anleggsmidlar og tilskot til investeringar (mva-kompensasjon). Restbeløp etter finansiering av utgiftene, kr 578 889, er sett av til ubunde investeringsfond. Formidlingslån er finansiert med ordinære og ekstraordinære avdragsinntekter, samt midlar avsett tidlegare år.

Likviditet/arbeidskapital

Med omløpsmidlar meinast kontantar, bankinnskot, kortsiktige plasseringar og kortsiktige fordringar. Omløpsmidlane i kommunen må vera store nok til å dekkje den kortsiktige gjelda. Omløpsmidlane korrigert for den kortsiktige gjelda gjev oss arbeidskapitalen.

Diagram: Utvikling i arbeidskapital 2012-2017 (tal i 1000)




Det var ein positiv utvikling frå 2011 fram til 2014. Gode driftsresultat og redusert investeringsaktivitet betra arbeidskapitalen. I 2014 vart det ein spesielt stor betring, knytt til utbetaling av midlar frå Fylkesmannen knytt til bygging av ny kalkingsstasjon. Dei seinare åra har kommunen hatt ein reduksjon i arbeidskapitalen, før 2017 der kalkingsmidlar igjen har bidratt til den positive utviklinga. Det er normalt ugunstig med negativ utvikling av arbeidskapitalen. Nivået på arbeidskapitalen har over tid vore svært godt og likviditeten til kommunen er svært god.

LÅNEGJELD OG FOND

Fond

Diagram: Samla fondsmidlar pr. 31.12 frå 2012 – 2017 (Tal i 1000)



Oversikta syner ein stor auke i samla fondsmidlar i kommunen i høve til 2016. Samla fondsmidlar er auka frå kr 22,1 millionar til nesten kr 35,7 millionar. Auken i 2017 er i stor grad relatert til kalkingsmidlar som har auka med 5,6 millionar i høve til året før. Men òg ordinært disposisjonsfond har auka mykje i 2017 gjennom budsjettert avsetjing, samt disponering av resultatet frå 2016. Til saman auka generelt disposisjonsfond frå kr 4,9 til 8,1 millionar. Av dei totale fondsmidlane pr. 31.12.17 utgjer den frie delen av næringsfondet kr 9,5 millionar, i tillegg kjem avsetjing til nybygg som er kr 5,5 millionar.


Lånegjeld

Modalen kommune tok opp nye lån i 2005 og 2006, samla kr 38,775 millionar, i samband med bygging av Bryggjeslottet. Lånegjelda har såleis vore relativt stor pr. innbyggjar, men likevel moderat i høve kommunen si evne til å betale rente- og avdragsutgift. Ingen nye låneopptak og relativt høge årlege avdrag har redusert lånegjelda monaleg, både i høve til innbyggartal og i høve til driftsinntekt. Rente- og avdragsbetaling på lånegjeld er teke høgde for i gjeldande budsjett og økonomiplan. Kommunen ligg godt over minstekravet til årleg avdrag og har ikkje teke opp nye investeringslån dei seinare åra.

Tabell: Utvikling i lånegjeld utanom formidlingslån 2012 – 2017:

LÅNEGJELD	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Lånegjeld (tal i 1000)	26 877	24 377	21 877	20 377	18 877	17 376
Lånegjeld i % av dr.innt	31,5 %	28,0 %	24,9 %	23,0 %	20,5 %	17,5 %
Lånegjeld i kr pr innb	70 175	65 530	57 876	53 483	49 287	45 726
Innbyggjartal	383	372	378	381	383	380

Diagram: Lånegjeld i % av brutto driftsinntekt 2012-2017



Kulturkontoret

Kulturkontoret i Modalen kommune har oppgåver knytt til turistinformasjon, kulturminnevern, tildeling av kulturmidlar til lag og organisasjonar, samordning av aktivitetar og tilrettelegging av friluftsliv. I samarbeid med ulike aktørar arrangerer me m.a. barna sin dag i februar, modalsdagane om sommaren og julemarknad i desember.

Me er jamnleg involvert i ulike einskildarrangement og prosjekt gjennom året. Døme er konsertar, folkehelseoversikt for Modalen kommune, registrering av kulturminne i offentleg kartdatabase (Askeladdendatabasen), kartlegging og verdsetjing av friluftsområde m.m.

Bryggjeslottet er drifta under kulturkontoret. Her har me driftsleiar i 100 % stilling. I denne inngår også bibliotekssjefstillinga. I tillegg har me mange unge med deltidsjobb på ettermiddagstid/helg. Ekstravaktene er til stor hjelp for at me skal kunne gjennomføre ulike arrangement som t.d. kino, bowling, kiosk. Kultur- og utviklingssjef var fram til 30.11.17 leiar for kulturkontoret. Deretter har kultursjefstillinga stått vakant med ass. rådmann som fungerande ansvarleg (budsjett/personal/fag) for eininga.

Økonomi

	Rekneskap	Budsjett	Buds(end)	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	2017	2017	2017	2016		
Kultur	3 040 442	2 950 000	3 060 000	3 354 136	-19 508	-0,6 %

Kulturkontoret går tilnærma i balanse med eit underforbruk på kr. 19 508,-

Mål 2017 – og evaluering

Kulturkontoret sette seg følgjande mål for 2017:

Mål nr. 1: Setje i gang arbeidet med ny kulturplan for Modalen kommune innan 01.06.
Av kapasitetsomsyn var det naudsynt å kunne ferdigstille revisjon av strategisk næringsplan og næringsfondsvedtekter før ein tok til med kulturplanen. Målet vert om mogleg innfridd mot slutten av 2017, men målsetjinga vert likevel vidareført til 2018.

Mål nr. 2: Evaluere bruken av tilskot til lag og organisasjonar for 2015 og 2016, samt lage ein oversikt over resterande stønadsordningar kulturavdelinga er ansvarleg for, innan 01.04.

Rapport inkl. oversikt levert rådmannen 18.09.17.

Først og fremst er det gode årlege rapportar å lese frå dei frivillige. I sine søknadar om støtte frå kulturkontoret legg dei ved rapport for førre aktivitetsår. Søknadane er i høg grad samstemte med dei planar dei hadde og dei aktivitetar dei har gjennomført. Tilskotsordninga fører til mykje kulturell aktivitet for pengane. Evalueringa av tilskotsordninga peiker mot at det var grunnlag for

å utarbeide og vedta retningslinjer for økonomisk stønad – det vart utført i 2017. Ordninga sitt føremål er såleis konkretisert og synleggjort; skape frivillig kulturaktivitet av og for innbyggjarane i Modalen.

Mål nr. 3: Evaluere bruken av Bryggjeslottet med fokus på å finne nye aktivitetar og tilbod, innan 01.10.

Rapport levert rådmannen 11.09.17.

Det ligg til rette for nye aktivitetsområde i tida som kjem. T.d. kom fritidsklubben inn som eit friskt pust i 2017. Ny leiar for Bryggjeslottet er allereie i gang med å leggje til rette for aktuelle arrangement i tida som kjem. Det syner seg at det er fornuftig å få på plass og leggje inn litt tilpassingsperiode for ny leiar slik at oversikt og innsikt kan etablerast.

Aktivitetsområde 2017

Modalsdagane gjekk føre seg i månadsskiftet juni-juli. Ulike artistar og innslag sørge for ei god oppleving for dei mange som tok del. Godt oppmøte – og flott vær – sikra gode inntekter på bryggjedansen. Samstundes er det slik at arrangementet samla er ein kostnad for Modalen kommune. I evaluering gjort i samarbeid med formannskapet hausten 2017 vart det konkludert med vidareføring av modalsdagane slik ein kjenner det.

Barna sin dag vart arrangert i februar. Denne gong med trylleshov, snop og panneband-syng. I tillegg var det tradisjonelle innslag med hoppeborg, radiostyrte bilar m.m. Oppmøtet var godt og understreka at dette er eit arrangement som etter kvart har blitt ein innarbeidd tradisjon.

I byrjinga av desember vart det halde julemarknad i Bryggjeslottet. Nærare 30 tilbydarar sørge for mangfald i vareutvalet.

I september vart det halde eit vellukka veterantreff. Her kom det bussar og båt (Oster). Tilbakemeldinga var at dette var ein suksess som bør halde fram.

Den kulturelle skulesekken er eit samarbeidsprosjekt mellom skulen, biblioteket og kulturkontoret. Fylkeskommunen vitjar skulen jamnleg med kulturproduksjonar, medan me på kommunenivå syt for andre kulturopplevingar slik som teaterbesøk på Den Nationale Scene. Oppsummeringa syner eit godt aktivitetsnivå gjennom året.

Turstiprosjektet 2016 er eit samarbeid mellom kulturkontoret, Modalen idrettslag og vellag oppe ved Nygard. For perioden 2016 og ut 2017 har det vore merka og tilrettelagt for turstiar hovudsakleg i dette området. Arbeidet vert utført på dugnad av nemnte lag og org. Arbeidet vart ikkje heilt avslutta i 2017, men held fram litt utover våren 2018.

Bryggjeslottet har mykje aktivitet knytt til bygdekino, svømmebasseng, bowlig og gymsal. Det vert gjennomført bursdagsfeiringar og div. andre private arrangement.

Modalen folkebibliotek

Biblioteket

Biblioteket i Modalen er ein viktig stad for mange av innbyggjarane. Sjølv om besøk og utlån er noko redusert dei siste åra, så ligg biblioteket vårt heilt i noregstoppen. Bibliotekstillinga vart frå 1. september inkludert i stillinga som leiar for Bryggjeslottet og biblioteket (100 % stilling til saman). Det har vore ulike arrangement som omhandlar forfattarbesøk, barneteater og Den Kulturelle Skulesekken (DKS).

Type utlån	2017	2016
Bøker barn	950	1395
Bøker vaksne	710	1075
Lydbøker barn	40	58
Lydbøker vaksne	80	95
DVD barn	45	105
DVD vaksne	30	71
Musikk barn	10	15
Musikk vaksne	18	20
Anna	57	57
Fjernlån	25	39
Samla utlån	1965	2 930

Biblioteket er ope tysdag, 09.00 – 14.00, onsdag 13.00 – 18.00, fredag 09.00 – 14.00



Sosialtenesta

Barnevernstenesta:

Modalen kommune har sidan 2007 hatt avtale med Vaksdal kommune om drift av barnevernstenesta i Modalen. Noverande avtale går til 31.12.2017.

NAV Modalen ivaretek det statlege ansvaret for arbeids- og velferdsetaten, og det kommunale ansvaret for økonomisk vanskelegstilte. NAV kontoret i samarbeid med psykisk helseteneste fyljer også opp rusavhengige som treng tiltak. NAV kontoret er drifta i nært samarbeid med NAV Masfjorden. Det er 60% stillingsressurs ved kontoret.

MÅL

Sosialtenesta har arbeidd etter dei mål og føringar som ligg i lov og forskrift. Det er ikkje skissert egne lokale mål for tenesta.

Måloppnåing: Det er ikkje rapportert avvik på ivaretaking av kravet til tenestene. På NAV sine målekort scorar kontoret tilfredsstillande.

ØKONOMI

Sosialtenesta hadde eit vesentleg meirforbruk på økonomisk sosialhjelp i høve budsjett. Avvik kom på kr. 217 659 over tildelt budsjetttramme.

	Rekneska	Budsjett	Buds(end)	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	2017	2017	2017	2016		
Sosial og barnevern	999 362	781 703	781 703	1 015 799	217 659	-27,8 %

Meirforbruk i 2017 har i hovudsak samanheng med auke behov for tilskot til livsopphald.

AKTIVITET

Barnevern: Vaksdal kommune rapporterer om stabil aktivitet i 2017. Talet saker som barnevernet er involvert i ligg mellom 0-4 saker.

Skjenkesaker: Det er to salsløyve og eit skjenkeløyve for alkohol i kommunen. Kommunen har avtale med innleidd kontrollør som ivaretek skjenkekontrollen. Det er ikkje rapportert om avvik på kontroll av sals- og skjenkestadene i 2017.

Økonomisk sosialhjelp: Talet brukarar som treng hjelp frå sosialtenesta over lengre tid har auka, og fleire av brukarane kjem attende med tilbakevendande behov for hjelp på grunn av gjeld og ubetalte krav. Desse treng råd og hjelp for å kome ut av ein vanskeleg situasjon. Sakshandsamarar ved kontoret har utdanning i gjeldsrådgjeving, og kontoret tilbyr profesjonell hjelp til dei som slit med gjeld.

Pleie- og omsorgstenesta



ØKONOMI

	Rekneska	Budsjett	Buds(end)	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	2017	2017	2017	2016		
Pleie og omsorg	15 247 367	14 250 000	14 250 000	13 465 159	997 367	6,99 %

Meirforbruk i 2017 kjem hovudsakleg av behov for bruk av privat vikarbyrå for å ha ei forsvarleg drift.

TENESTER OG OPPGÅVER

Ved Modalstunet vert det gjeve teneste innan pleie- og omsorg etter søknad.

Osterøy har leigt 2 plassar i tre månadar. Det har ikkje vore etterspurnad av plassar frå andre kommunar. Ved redusert sal av plassar og redusert belegg har det store konsekvensar for drifta. I snitt har det vore 8 plassar i bruk fram til medio mai. Frå mai har Modalen kommune disponert 6 plassar til eigne innbyggjarar.

Det har vore 17 innskrivingar av pasientar ved Modalstunet i 2017. Dette er 8 mindre enn i 2016. Det har vore 18 utskrivningar, av desse tre dødsfall.

Måling av av bebuarrom som står ledige er utført, og utearealet mot elva har vorte asfaltert.

Dagtilbodet til heimebuande med demens og eldre i kommunen vart starta i 2013 og er vidareført. Frå 01.09.2017 vart tilbodet teke i bruk kvar onsdag og pr. 31.12.2017 var 12 plassar i bruk. Ulike aktivitetar vert utført på tilbodet. Tilbodet er eit folkehelsearbeid, og er

helsefremjande for eldre som bur heime. Sosialt samvær og deltaking i aktivitet tilpassa den einskilde, er med på å gje god livskvalitet og bidreg til at ein kan bu lenger i eigen heim. Helsedirektoratet har innvilga tilskot til tilbodet.

Vi har fokus på tiltak som sikrar stabile inntekter ved institusjonen. Samstundes vurderer me tiltak som kan redusera utgiftene, men likevel gje ei stabil og god drift. Sjukefråværet har vore høgt i 2017. Det har vore nytta vikarar frå privat vikarbyrå, då det ikkje har vore råd å rekruttera sjukepleiekompetanse ved utlysing av stillingar eller gjennom rammeavtalen.

Heimehjelp

Sju brukarar fekk praktisk bistand i 2017. I snitt gjennom heile året utgjorde dette om lag ni timar pr. veke.

Heimesjukepleie

Sju brukarar har i snitt motteke ca. 15 timar heimesjukepleie pr. veke.

Tryggleiksalarmar

Fem personar har nytta tryggleiksalarm.

Matombringning

Det vert levert varm middag til fire brukarar i heimen nokre dagar i veka.

OVERORDNA MÅL FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA

Gode, brukartilpassa tenester.

God kvalitet, nok tenester, lett tilgang og samsvar med trong.

Tenesta skal byggje på rehabiliteringstenking.

Eit godt miljø der både brukarar og tilsette skal trivast.

Pårørande skal føla seg velkomne, og dei skal

kjenna seg trygge på at deira familiemedlem har det godt.

Respekt og tru på den einskilde sine ressursar er styrande i det daglege arbeidet for personalet som arbeider i pleie- og omsorgstenesta i Modalen kommune.

Personell

2017 har vore eit år med høgare sjukefråvær enn i 2016. Kjøp av privat vikarteneste har vore naudsynt gjennom heile året for å kunne drifta eininga. For å møte krav i høve

Samhandlingsreforma i eigen kommune, har vi hatt fokus på å behalda og rekruttera

kompetent arbeidskraft. To sjukepleiarar held på med vidareutdanning innan kreftsjukepleie.

Ein fagarbeidar utdannar seg til sjukepleiar, og er ferdig juni 2019. Me har to helsefagarbeidarar som har teke fagprøve og bestått i haust. Mål for 2017 i høve fokus på sjukefråvær vert arbeidd med kontinuerleg gjennom IA- avtalen. Myndiggjering av tilsette i høve ny organisering er utført, men vert arbeidd med kontinuerleg. Det er innført fagdagar kvar 12 veke for tilsette, som ledd i fagutvikling. Førstehjelpskurs er gjennomført i april i regi av Røde Kors.

Kjøkken og vaskeri

Kjøkkenet har fokus på «Mat som medisin» då det er ein samanheng mellom kosthald, ernæring og helse. Ernæringsprosjektet som starta i 2013, er vidareført i 2017. Vaskeriet tilbyr vask av klede til bebuarar, og vaskeritenester til heimebuande.

AKTIVITET

For våre bebuarar er det daglege aktivitetar, som trim, baking, bingo og bilturar. I tillegg arrangerer me hyggestund med dans annakvar månad, sommarfest, markering av eldredagen, julebord og pensjonistlaget kjem to gonger i året.

Sansehagen vert nytta til gode opplevingar for brukarane, ved å la dei ta del i kjente syslar som bærplukking. Sansehagen skapar ei fin ramme for aktivitet og «den gode samtalen», og kan bidra til å gje kvar enkelt gode stunder.

I 2018 vil me satsa på å kunna vidareføra dagtilbodet for heimebuande eldre og rekruttera nye brukarar. Ut frå drifta vert det vurdert å auka opp tilbodet til to dagar i veka frå hausten.

Plan for aktivitetar i 2018:

Auke dagtilbodet til eldre heimebuande til to dagar i veka.

I samarbeid med fysioterapeut tilby trim og sosialt samvær torsdagar til eldre på Øvre Helland og andre som ynskjer delta.

Få til samarbeid med skulen om bakedagar i løpet av året.

Bilturar med bebuarane.

Nytta sansehagen til grill-/jordbærfest.

Oppgradering av fellesareal.

Helsesenteret

TENESTER OG OPPGÅVER

Kommuneoverlegen har leiaransvar for helsesenteret. Under Modalen helsesenter er følgjande tenester organisert: legekantor, helsestasjon, fysioterapi og psykisk helse.

ØKONOMI

	Rekneskap	Budsjett	Buds(end)	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	2017	2017	2017	2016		
Kommunelege	4 797 167	4 900 000	4 900 000	4 638 259	- 102 533	-2,1%

I 2017 har det blitt meir inntekter på pasientbetaling, både på lækjarteneste og fysioterapi-teneste. Der er også ein lågare sum til KLP hjå tenesta psykisk helse som har gitt oss eit samla forbruk under budsjett.

LEGEKONTOR

Det er ein legeheimel i Modalen, kombinert fastlege- og kommunelegestilling. Vi samarbeider med andre Nordhordlandskommunar om legevakt i Knarvik. Der får innbyggjarar i Modalen hjelp når det ikkje er lege i Modalen. Det var ca. 510-520 personer som har hatt fastlege ved kontoret i 2016. Talet vore om lag det same i 2017. Listetaket er på 600.

Legekantor – Mål for 2017

Sikra våre listepasientar eit tilfredsstillande allmennlegetilbod med:

1. god tilgjengelegheit
2. akseptable ventetider for legetime
3. fagleg forsvarleg kvalitet på tenesta.

Måloppnåing

Vi har hatt god tilgang på legetimar i 2017, og ventetid har oftast vore under 14 dagar. Dette året har det nokre månader vore innleie av vikarlege medan kommuneoverlege har vore i innspurt av doktorgradsarbeid. Frå september 2017 har me hatt eit samarbeid med Masfjorden om ein LIS-stilling (lege i spesialisering). Me har denne i 20%, og kommuneoverlegen går i 80% stilling. LIS legen blir brukt som vikar ved kurs og anna fråvær, og er ressurs når det gjeld akutt-medisin mm.

Vi gjev legetenester til pasientar som har fastlege i Modalen, og naudsynt helsehjelp til andre som oppheld seg her:

- vanleg timebestilte konsultasjonar
- timar på dagen for tilstander som krev det
- akuttmedisinske konsultasjonar og uttrykkingar
- planlagde sjukebesøk til eldre med kroniske eller akutte sjukdomar førebyggjande helsearbeid.

Oversikt over pasientretta aktivitet ved legekantoret:

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Sjukebesøk (11ad)	8	5	9	1	21	15	11
Konsultasjonar (2ad)	1116	1125	1422	1316	1165	1250	1293
Telefonkonsultasjonar	127	168	189	74	171	248	314
Annan kontakt	1025	1010	1080	887	910	1121	741

KOMMUNEFYSIOTERAPEUT

Fysioterapitenesta i Modalen kommune utgjer eit årsverk. Fysioterapeuten heldt til i Helsecenteret på Mo, og er to dagar for veka på Modalstunet. Elles har fysioterapeuten ambulerande og stasjonær teneste for pasientar i alle aldrar. Alle skal kunne få tilbod om tenesta uavhengig av om dei bur heime eller på institusjon. Brukarane sjølv, pårørande/foreldre og samarbeidspartar kan ta kontakt.

Tenesta omfattar:

Undersøking , funksjonsutgreiing/ vurdering.

Individuell behandling

Gruppetrening.

Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Vere med å setje realistiske mål for habilitering/rehabilitering saman med brukar, pårørande og samarbeidspartar. Vere med å utarbeide individuelle planar.

Råd og rettleiing for å betre eller bevare funksjon og førebyggje sjukdom og skade

Trening med sikte på at brukaren skal klare viktige daglege funksjonar

Førebyggjande helsearbeid og opplæring

Utprøving, søknad om og oppfølging i bruk av tekniske hjelpemiddel for å bevare eller betre funksjon.

Rettleiing ved tilpassing av bustad etter funksjonstap

Kommunefysioterapeut – Mål for 2017

1. Ha ei fagleg god utøving av ansvarsområda som ligg i stillinga
2. Revidering av rehabiliteringsplan etter nye forskrifter og få den godkjend
3. Fornya prosedyrar for samarbeid mellom dei ulike faggruppene og institusjonane i kommunen.
4. Fokus på førebyggjande tilbod
5. Styrka arbeidet med koordinerande eining

Måloppnåing

Fysioterapeuten har vore tilgjengeleg for timebestilling av både barn, vaksne og eldre gjennom heile året. To dagar for veka bruker han deler av dagen på Modalstunet.

Rehabiliteringsplanen har ikkje blitt revidert siste året.

Har til tider brukt veldig mykje tid på søking, reparasjonar og oppfølging av hjelpemidlar, og dette har blant anna medført noko mindre fokus på førebyggjande tilbod.

Har ikkje fått arbeidd vidare med samarbeid mellom dei ulike faggruppene, men me kan dela fagleg info på personalmøter.

Må utvikla koordinerande eining og førebyggjande arbeid vidare.

HELSESTASJON

Målgruppa for skule- og helsestasjonstenesta er born og unge i alderen 0 - 20 år.

Tenesta er lovpålagt og skal førebyggje sjukdom, fremja god fysisk og psykisk helse samt fremja gode sosiale og miljømessige forhold for barn og unge. I 2017 har me hatt vikar for helsesøster ei av helsesøstrene tilsett i Masfjorden kommune har vore dekkta helsesøster hjå oss i 30% stilling.

Helsesøster er i Modalen fysisk kvar torsdag og er elles tilgjengeleg på mobil og e- post for brukarane frå Modalen

Helsesøster har ansvar for helsestasjon og skulehelsetenesta. Det er lege fast tilgjengeleg ved seks vekers, seks månaders, eit-års og to- års konsultasjon, samt ved førskuleundersøking.

Helsestasjonen er lokalisert i helsesenteret på Mo og har i 2017 hatt ope 1 per veke.

Modalen kommune har teke imot fleire flyktning-familiar med barn dei siste åra, og dette har auka behovet for oppfølging på helsesrtasjonen,

Helsestasjon – Mål for 2017

Gjeremåla ved helsestasjonen tar utgangspunkt i anbefalingane i «Kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten»:

1. Helseundersøkingar og rettleiing med oppfølging
2. Heimebesøk/oppsøkjande verksemd

3. Samarbeid med skule om tiltak som fremmer godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø for elevar.
4. Samarbeid om habilitering av barn og ungdom med særskilde behov, deriblant kronisk sjuke og funksjonshemma
5. Informasjon og tilbod om barnevaksinasjonsprogrammet

Måloppnåing

Rammeverket for tenesta er følgt, og måla for tenesta er i hovudsak nådd. Alle born har fått gjennomført konsultasjonane som er anbefalt på helsestasjonen og i skulen. Både på helsestasjonen og i skulen har alle elevar (med føresette) fått tilbod om dei vaksinane som er i barnevaksinasjonsprogrammet.

Helsesøster har vore inne på aktuelle trinn i grunnskulen. Utover individuelle samtalar og vaksinasjon, har helsesøster vore tilgjengeleg på skulen og deltatt i noko undervisning. Helsesøster er og med på oppfølgingsmøter rundt enkeltbarn, samarbeid og ansvarsgruppemøter.

Ein har organisert tenesta slik at halve dagen er helsesøster på helsestasjonen og halve dagen er ein tilgjengeleg på skulen.

PSYKISK HELSETENESTE

Lokalt psykisk helsearbeid skal bidra til fleire friske leveår for befolkninga og redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk og psykiske helseproblem for den enkelte, for tredjepart og for samfunnet. Arbeidet skal bidra til å fremje meistring av eige liv. Pårørande til menneske med rusmiddelproblem eller psykiske helseproblem skal sikrast nødvendig støtte og avlasting. Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune har og ansvar for tenester til menneske med psykisk utviklingshemming.

Den psykiske helsetenesta utgjer til saman to årsverk. Det er tilsett personale med vidareutdanning i psykisk helsearbeid i 1,8 % av stillingane. Det er i tillegg tilsett kommunepsykolog i 10 % stilling. Dette er eit samarbeid med Masfjorden og Gulen kommune. Ca. 10 % stillingsressurs har vore brukt til personale som gjev individuell jobbstøtte.

Mål

1. Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune skal vera eit lågterskeltilbod. Dette betyr at pårørande, brukar sjølv eller andre i hjelpeapparatet er velkomne til å ta direkte kontakt. Det er ikkje naudsynt med tilvising frå lege. Terskelen for å snakke med psykiatrisk sjukepleiar skal vera like låg som å ha kontakt med helsesøster, fysioterapeut eller lege.
2. Kommunen skal utgreia, førebyggja og behandla lette psykiske lidingar.
3. Kommunen skal ha oversikt over den psykiske folkehelsa.
4. Kommunen skal førebyggja psykisk sjukdom.

Måloppnåing

Psykisk helse er eit etablert lågterskeltilbod til ungdom i grunnskule og vidaregåande skule, gjennom tett samarbeid med skule og foreldre. Det er nær kontakt mellom fastlege og den psykiske helsetenesta slik at pasientar hjå legen får informasjon og tips om korleis det kan etablerast kontakt med psykiatrisk sjukepleiar.

I overkant av 20 personar, born, vaksne og eldre, nyttar seg av jamleg av tilbod frå den psykiske helsetenesta i Modalen kommune.

Det psykiske helsearbeidet i Modalen har i 2017 omfatta:

- støtte til elevar i vidaregåande opplæring
- å vere tilstade i skulemiljøet på Mo skule, uformell kontakt med elevane
- samtalar med elevar i grunnskulen, foreldra og andre ressurspersonar rundt desse
- tildeling og oppfølging av støttekontaktar
- utarbeiding og koordinering av individuell plan
- støtte til vaksne som treng det
- oppfølging i samarbeid med spesialisthelsetenesta ved alvorlege, langvarige problem/lidingar
- koordinering av "Støtteteam ved kriser"
- deltaking ved samarbeidsprosjektet Ungdomskontakten Salto i Knarvik
- aktiv deltaking i kommunalt oppvekst-team

MO SKULE



TENESTER OG OPPGÅVER

Grunnskule

Skuleåret 2017/18 starta 74 elevar opp på Mo skule, dette er ein nedgang på 5 elevar frå førre skuleår. Mo skule er ein fådelt skule der elevane er delt i sju klassar/grupper dette året. 13 elevar er heimehøyrande i andre kommunar. Det starta opp 4 nye førsteklasingar ved skulen hausten 2017. Det er 20 tilsette ved Mo skule. Desse arbeidde til saman i 15,2 heile stillingar. Arbeidet omfattar assistent / fagarbeidar i SFO og kantine, undervisning grunnskule, undervisning kulturskule og leing.

Skulen si verksemd er regulert av Opplæringslova med forskrifter. Kommunestyret vedtok i sak KS-007/10 system for «Kvalitetsvurdering av verksemd etter opplæringslova i Modalen kommune, Mo skule». Systemet er utarbeidd for at mellom anna skuleeigar og myndigheit kan vurdere om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte ved Mo skule. Mo skule skal utarbeida ein årleg tilstandsrapport som omhandlar læringsresultat og læringsmiljø.

Modalen Skulefritidsordning, SFO

Vedtektene for SFO i Modalen kommune baserer seg på opplæringslova § 13-7:

«Kommunen skal ha tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.- 4. klassetrinn (1.- 7. klassetrinn for barn med funksjonshemmingar). Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vera eigna for formålet.»

Hausten 2017 var det 25 born påmeldt i Modalen SFO. Opningstida til SFO er 07.30 - 16.30 alle dagar. SFO har eigen dagleg leiar som har ansvar for søknader og det praktiske arbeidet til dagleg. Mo skule har frå hausten 2014 tilbydd gratis leksehjelp for alle elevar.

Modalen Kulturskule

Modalen Kulturskule gav dette skuleåret tilbod i musikkundervisning for einskildelevar fram til sommarferien. Tilbodet som vert gitt er mellom anna opplæring i gitar, piano, keyboard, bass og samspel. I tillegg vart det arrangert kurs i programmering og akvarellmåling dette skuleåret. Dette var intensivkurs som gjekk over kortare tidsrom. Tilbodet ved Modalen kulturskule hadde bra oppslutning. Kurset i programmering var avgrensa til 12 elevar.

ØKONOMI

	Rekneskap	Budsjett	Budsj(end)	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	2017	2017	2017	2016		
Skule	10 285 414	10 750 000	10 750 000	10 433 242	- 464 586	- 4,5 %

Mo skule har i 2017 greidd å halde budsjettet godt, og har eit mindreforbruk på kr 464 000. Ein del endringar i personalet midt i kalenderåret har ført til litt lågare lønsutgifter enn budsjettet, det har òg vore meirinntekt. Budsjettet for skule (grunnskule, SFO, kulturskule og vaksenopplæring) går fint i balanse dette året.

MÅL

Det overordna styringsdokumentet for Mo skule si verksemd finn ein i Opplæringslova med forskrifter (www.udir.no). Desse dannar grunnlaget for skulen sitt arbeid med «Kunnskapsløftet» (K06) der ein finn dei meir konkrete planane for skulen si verksemd.

Mo skule utarbeidar ein «Handlingsplan for Mo skule 2017/18». Internt ved skulen er det eit mål at det vert utvikla ein kultur som er prega av ein felles forpliktande praksis ved skulen. For elevar og føresette inneber dette òg at skulen sin praksis vert meir synleg. Måla i handlingsplanen skal evaluerast to gonger i året.

Handlingsplanen er eit verkty for ein organisasjon som lærer og er i utvikling.

Nasjonale prøver vart gjennomført på 5., 8. og 9. trinn hausten 2017. Mo skule bruker resultatane internt i arbeidet med å heva kvaliteten på opplæringa og for å auka elevane si læring. Analysen av resultatane på Mo skule syner at elevane sine prestasjonar ligg midt på treet, og i nokre tilfelle over gjennomsnittet. Samstundes er det vanskeleg å samanlikne resultatane med andre kommunar fordi skulen har relativt få elevar. Mo skule nyttar resultatane frå dei nasjonale prøvane til å kunna fokusera på den enkelte elev sine resultat og utvikling.

Satsingsområda for skuleåret 2017/18 er i stor grad vidareført frå førre skuleår. Skulen arbeider for at trivselen hjå elevane skal vera høg. Elevundersøkinga viser positive

resultat og utvikling med omsyn til trivsel på skulen. Skulen har eigen sosiallærer og spesialpedagogisk rettleiar. Det vert mellom anna arrangert «vennedag», og skulen deltek på nasjonal veke mot digital mobbing. Prosjektet «Psykisk helse i skulen» vert gjennomført i alle klassane på ungdomssteget kvart år i samarbeid med helsesyster og psykiatrisk sjukepleiar. Klassane på barnesteget arbeider systematisk med det sosialpedagogiske programmet «Zippys venner» og heile skulen arbeider med element frå «Dei utrulege åra». Hausten 2017 starta Mo skule opp arbeidet med det sosialpedagogiske programmet PALS (positiv atferd, støttande læringsmiljø og samhandling).

Mo skule har nytta seg av den nasjonale satsinga «Kompetanse for kvalitet». To av pedagogane studerte 2017/18 engelsk og norsk ved HIB, og to pedagogar deltok på eit toårig deltidsstudie i matematikk ved NLA som var avslutta i juni-17. Skulen har som mål å til ei kvar tid ha minst ein tilsett under vidareutdanning.

Sjukefråværet ved Mo skule var relativt høgt fyrste halvår. Andre halvår var sjukefråveret noko lågare. Mo skule har fokus på trivsel og relasjonsbygging. Det er gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette der ein mellom anna fokuserer på arbeidsmiljøet.

AKTIVITET

Mo skule har ei tid hatt fokus på tverrfagleg arbeid på tvers av aldersgruppene. Det har vore arrangert fagdagar innan fleire fag med bra læringsutbyte. Desse dagane løyser vi opp timeplanen og elevane arbeider i grupper med ulike tema. Fellesskap og samhandling er i fokus desse dagane.

Den tradisjonelle lysmessa vart gjennomført også dette året. Elevane har ansvar for det meste av innhaldet i denne lysmessa. Mo skule er svært nøgde med samarbeidet med «Den kulturelle skulesekken», Rikskonsertane og kulturkontoret i Modalen kommune. Desse medverkar til at elevane får eit rikt og variert tilfang av kulturopplevingar gjennom året.

Modalen Barnehage



Modalen barnehage er ein 3-avdelingsbarnehage, med avdelingane 0-2 år, 3-4 år og 5-6 år. Styrar er ansvarleg for rammeområdet. Me har tre pedagogiske leiarar som kvar leier si avdeling.

Staten sine tilskot til drift av barnehagen inngår i rammetilskotet ut frå talet born i alderen 0-6 år busett i Modalen kommune. Det er føresett at born busett i andre kommunar kan nytta plass i barnehagen, så lenge det er avtale med bustadkommunen om finansiering av plassen.

Våren 2018 er det 28 born/39 plassar i barnehagen, der 12 av borna kjem frå andre kommunar. Bemanninga vert justert i høve barnetal og bemanningsnorm. Bemanningsnorma i Modalen barnehage er sett til 1 vaksen pr. 5 born.

Me arbeider for å oppretthalda god kvalitet på tilbodet. Dette barnehageåret har satsingsområda vore implementering av den reviderte Rammeplanen, Språkløyper og aktive deltakande vaksne i uteleiken til barna.

Barnetal:	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>
	28	36	36	37(7)	32(6)	34(9)	34(9)	31(8)	21(6)	21(5)	28(8)	28(12)

(Tala i parentes viser barn frå andre kommunar som inngår i det samla barnetalet.)

Stillingsressurs: årsverk.

Evaluering av mål 2017

- **Implementering av VIGILO**

Me har tatt i bruk Vigilo Barnehage, eit datasystem som ein får tilgang til via internett. Det bidreg til å forenkla og effektivisera dei tilsette sin kvardag, i tillegg forbetrar det kommunikasjonen mellom heim – barnehage. Alle foreldra har fått tilgang til innhaldet i barnehagekvardagen på ein heilt ny måte.

- **Implementering av revidert rammeplan.**

Revidert rammeplan vart gjeldane hausten 2017. Me har begynt arbeidet med å implementera rammeplanens første kapittel om barnehagen sitt verdisyn. Målet er å sikra at kvaliteten me gjev i barnehagen samsvarar med det lova krev av oss.

- **Arbeide med resultat av brukarundersøkinga**

I November 2016 gjennomførte ein den nasjonale brukarundersøkinga i barnehagen. Me fekk eit kjempe bra resultat. Litt lågare resultat på Informasjon, og barns medverknad. Me har tatt i bruk Vigilo som me nyttar systematisk til å informera foreldra om planar me har og rapportar frå det barna har gjort på i barnehagen Dette håpar me skal bidra til å gje foreldra den informasjonen dei treng.

Mål 2018

- **Vidare arbeid med implementering av revidert rammeplan.**

Me arbeider vidare med implementering av dei neste kapittel i rammeplanen. Målet er å sikra at kvaliteten me gjev i barnehagen samsvarar med det lova krev av oss.

- **Språkløyper**

Barnehagen arbeider med Språkløyper, utvikla av lese- og skrivesenteret. Språkløyper inneheld kompetanseutviklingspakkar for dei tilsette, med ulike aktivitetar og temaer som er sentralt for språkutviklinga. Alle tilsette samlast ein gang i månaden gjennom heile året. Ein går igjennom ein ny modul i kompetanseutviklingspakken kvar gang. Mellom kvar samling arbeider ein med oppgåver saman med barna.

- **Ny brukarundersøking i november 2018**

Det er to år sidan sist brukarundersøking. Ein ynskjer jamnleg å gjennomføre slike undersøkingar for å finne ut korleis brukartilfredsheita er, og om det er noko me bør endre på. Resultatene frå undersøkelsen nyttast av barnehagen og barnehageeigar til å vurdere og utvikla barnehagetilbodet.

TENESTER OG OPPGÅVER

Barnehagen si opningstid er frå kl. 07.00-16.30. Foreldra kan velja mellom tre- eller fem dagars tilbod. Barnehagen byr på heildagsplassar. Vi arbeider etter Modalen barnehage sin årsplan som er utforma etter Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar. Det pedagogiske arbeidet er forankra i dei sju fagområda i Rammeplan for barnehagar.

Prisen for barnehageplass er lågare enn makspris for barnehage (kr 2 910,-). Ein tredagars plass kostar kr 1 770,- og ein fem dagars plass kostar kr 2 300,-. I tillegg kjem pris for kost på kr 182,-, og kr 300,-. Dette inkluderer tre daglege måltid og frukt. Barn busett i Vaksdal kommune nyttar betalingssatsane til heimkommunen.

Organisering

Det er ein tre avdelings barnehage. Barnehagen er leia av styrar. Kvar avdeling vert leia av pedagogisk leiar som har med seg assistentar / fagarbeidarar etter talet på barn. Vedtektene til Modalen barnehage fastsett bemanningsnorma fem barn pr. vaksen. I barnehagelova og vedtektene er det fastsett kor mange barn det skal vere pr. pedagogisk leiar. Barnehagen har samarbeid med SFO i feriar. I sommar vart veke 29 stengt.

Mål

Visjonen til barnehagen er «Ein god barnehage der tryggleik, humor og glede står i fokus». Hovudmålet vårt er å arbeida for å gjera borna sterke sosialt, språkleg og kroppsleg. Me nyttar oss av arbeidsmåtane «Mange intelligensar (MI)» og Dei utrolige åra (DUÅ). MI bygger på ein teori om at menneske er født med åtte intelligensar og at barn nyttar alle på ein naturleg måte, noko som gjer dei dyktige i å læra. Alle intelligensane heng saman. Det gjeld å arbeida vidare med det barn meistrar. Slik vert barna betre på det som dei ikkje meistrar så godt. Den andre arbeidsmåten DUÅ er godt forankra i det daglege arbeidet og i temavala i løpet av året. Metoden bidreg til å fremja sosial og emosjonell kompetanse hjå barn, og til å førebygge barns åtferdsproblem. I tillegg fylgjer me dei nasjonale satsingsområdene for kvalitetsheving og arbeider med å styrke den pedagogiske leiinga og arbeid med språk.

Dette året har:

- Alle tilsette har fått tilbod om medarbeidarsamtalar.
- Ein tilsett var ferdigutdanna barnehagelærer.
- Ein tilsett delteke på Arbeidsbasert Barnehagelærerutdanning i regi av NLA.
- To assistentar har fullført fagbrev i Barne og ungdomsarbeidar
- Har ein starta opp med kvalitetsheving i språk til alle tilsette gjennom Språkløyper
- Ressursteam ein gang pr. måned. Dette er eit samarbeid mellom tilsette frå PPT, styrar og dei pedagogiske leiarane. Me har stort utbyte av dette teamet, og kan på denne måten setja inn tiltak tidleg for born som treng det.

- Me hatt stort fokus på implementeringsarbeid og arbeida systematisk for å få nyerverva kunnskap ut i barnehagen til alle tilsette.

ØKONOMI

	Reknesk	Budsj	Buds(end)	Regnskap	Avvik	Avvik i %
	2017	2017	2017	2016		
Barnehage	4 226 881	4 900 000	4 900 000	4 371 542	- 673 119	- 13,7 %

Me driftar barnehageplassar for nabokommunane Vaksdal og Lindås. Årsaka til avviket er mindre pensjonskostnader enn det som var budsjertert. Ein fekk høgare sjukelønsrefusjon, og inntak av nye barn frå nabokommunen som gav høgare inntekter i form av refusjon frå andre kommunar.

AKTIVITET

Barnetal

	Vår 2017	Haust 2017
Barnetal	29	27
Tal plassar	38	36
Barnetal frå andre kommunar	9	12



For å byggja gode relasjonar og sikra ein god overgang for førskulebarna har me jamlege besøk mellom skulen og barnehagen. Andre fasilitetar i Modalen som barnehagen nyttar er Bryggjeslottet med basseng, gymnastikksal og bibliotek.

FORELDRESAMARBEID

Vi har eit godt foreldresamarbeid. Foreldra har fått tilbod om to foreldresamtalar og tilbod om å delta på to foreldremøte, hausten og våren. Det er valt ein foreldrerepresentant som er med i Samarbeidsutvalet for barnehagen.

FRAMTID

Modalen barnehage utarbeider ny årsplan kvart år. Slik vil vi alltid ha nye mål og søken etter ny kunnskap. Barnehagen er i stadig aktivitet og utvikling. Vi legg stor vekt på å følgja borna sine interesser og ser til at barns medverknad vert følgt opp.

Teknisk etat

TENESTER OG OPPGÅVER

Teknisk sjef har leiaransvar for teknisk etat. Under teknisk etat er følgjande tenester organisert:

brannvern, landbruk, vaktmeistertenesta, reinhald og administrasjon.

På teknisk etat er det samla 10,9 årsverk. Desse er fordelt med 3,8 i vaktmeistertenesta, 5,1 innan reinhald og 2 i administrasjonen.

Teknisk etat har ansvar for:

- Drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Vedlikehald av kommunale vegar
- Vatn og avlaup
- Planlegging, prosjektering og bygging av nye anlegg
- Byggjesak
- Kart og oppmåling
- Hjelp ved ulykke eller vasskade

Teknisk Etat – Mål for 2017

Teknisk etat har som overordna mål å arbeida for trivsel for den enkelte innbyggjar i kommunen.

Yta god service til publikum

Arbeida for ei miljøvenleg utvikling ved å innarbeida miljøomsyn i etaten si verksemd

Arbeida for å betra kommunikasjonstilhøva

Syta for at kommunale bygg, anlegg og eigedomar held ein god standard og at estetikk og kvalitet vert sett høgt ved nyanlegg og nybygg

Gjennomføra tiltaka i økonomiplanen og budsjettet for 2017.

Mål

Utarbeide mulighetstudie for «område mellom Trohaug og nyebrua» innan 2017.

Halde fram med kompetanseheving av brannmannskap.

Vidareføre prosjekteringsarbeidet når det gjeld oppføring av nytt «nærings- og tenestesenter på Mo»

Måloppnåing

Utarbeiding av mulighetstudie for område « mellom Trohaug og nyebrua» vart gjennomført våren 2017.

Frå mai 2017 vart Modalen med i eit felles brannvern med Lindås og Meland.

Modalen er no ein del av Lindås, Meland og Modalen brannvern.

Vidareført prosjektering av nytt «nærings- og tenestesenter på Mo» Hrtb arkitektar utarbeida i 2017 ferdig skisseprosjekt.

ØKONOMI

	Regnskap	Budsjett	Buds(end)	Regnskap	Avvik	Avvik i %
	2017	2017	2017	2016		
Teknisk	12 618 797	11 650 000	12 590 000	12 760 108	28 797	0,2 %

Rekneskapen for 2017 syner eit meirforbruk på kr 28 797. Årsak til dette er auka vedlikehaldskostnader.

AKTIVITET

Områdeplan, arealdel, oppstart – konsulenthjelp

Arealplan og kommuneplanen 2015 – 2026 for Modalen kommune vart vedteken av kommunestyre i sak 033/2015, men med ein føresetnad av at det skulle utarbeidast ein områdeplan for Trohaug - Otterstad området. Notat om vidare oppfølging av dette vart lagt fram for kommunestyret i møte den 10.03.2016 sak 009/2016. Grunna prioritert arbeid med kommunereforma vart vidare prosess utsett til andre halvår 2016. Kommunestyret vedtok 22.09.2016, sak 051/2016 å utarbeide ein mulighetstudie for «området mellom Trohaug og Nybrua», som ein første fase i planlegginga av ein områdeplan for Otterstad – Trohaug. Mulighetstudie blei presentert i kommunestyret 20.04.2017. Kommunestyret tok orienteringa til vitande. Kommunestyret vedtok i sak 018/2017 at formannskapet drøftar ei vidare oppfølging av saka og legg fram si tilråding for kommunestyret.

Vidare i formannskapet 03.05.2017 : Oppfølging av mulighetstudie Trohaug området: Ordføraren tok oppatt tråden frå Kommunestyret den 20.april 2017. Formannskapet slutta seg til at det ikkje er tida for å gå vidare med dette prosjektet no, og at ein fyrst bør ta i bruk dei tomtene som lett kan gjerast om til bustadtomter utan omfattande infrastruktur-tilrettelegging. I formannskapet 01.06.2017, sak 035/2017 under orienteringssaker: Vidare oppfølging blei drøfta: Administrasjonen i lag med ordførar hadde møte med Hordaland fylkeskommune 25.09. 2017. Bakgrunnen for møte var at politikarane ikkje ynskte å gå vidare med utbygging av Trohaug. Rådet frå fylkeskommunen var at bustadområdet burde ligga så nært sentrum som mogeleg, og at det var gode solforhold der ein la bustadområde. Det vart og peika på området som ligg på Otterstad som er teke med i kommuneplanen. Dette området har dei kvalitetane som gjer at folk vil busetja seg. Saka vart lagt fram i formannskapet november 2017 og kommunestyret desember 2017 til drøfting utan framlegg til vedtak. Saka vart utsett til våren 2018 og vart sett opp som tema på eit kommunestyremøte tidleg våren 2018.

Byggjesaker

I 2017 vart det handsama 7 eitt trinssøknader og ein søknad utan ansvarsrett. Det er ei ledig kommunal tomt på Mo, to på Helland og ei på Øvre Helland.

Kart, matrikkel og skråfoto

Det vart handsama fem fådelingssaker i 2017. Det var ei grensejustering og to arealoverføringar. Det vart oppretta to nye matrikkeleiningar.

Oppgradering fellesarealet Modalstunet

I investeringsbudsjettetfor 2017 vart det satt opp kr. 500 000,- til oppgradering av fellesareal på Modalstunet. Det var møte og synfaring den 10.02.2017 i fellestova i lag med einingsleiar, interiørarkitekt, rådgjevande ingeniør og teknisk sjef. Det kom innspel på nye behov som auka kostnadane i høve til det som var satt av i budsjettet. Vurderinga synte at det er trong for oppgradering av fellesstova og arbeidsstova. Nye møblar, gardiner og solavskjerming, maling og utbetring av vindauge, dører, vegger og tak, oppretting av skeive golv, nytt beleg, belysning, fjerning av vegg til eine stova, foldevegg. Prosjektet vart dyrare enn forventa, grunna endra behov og innspel. Prosjektet er teken inn i økonomiplanen for 2018 – 2021.

Avfallskur – Modalstunet

Forsikringsselskapet krev at avfallsdunkar ikkje står nærmare enn 6 meter frå offentlege bygg. Det blei bygd eit avfallsskur på Modalstunet hausten 2017.

Avsetjing til service – og tenestesenter på Mo

I 2017 reviderte Arkitektfirmaet HRTB skisseprosjekt for nytt nærings- og tenestesenter. Det vart ein kostnadskalkyle på kr 63,4 mill. inkl. mva. Det kom tilbakemeldingar på at kostnadskalkylen var ein del høgare enn det ein var førebudd på. Formannskapet ville sjå vidare på saka på nyåret, og vurdere løysingar for å nedskalere bygget for å fram eit rimelegare alternativ.

Diverse investeringar innan vatn og avlaup

Det vart arbeid med planar for flytting av vatn og avlaup på Otterstad. Dette i samband med uttak av sand. Vassprøvane syner god kvalitet på vatnet frå alle vassverka.

Oppgradering av kommunale bustader

Det vart skifta tak i kommunal bustad på Kleivane 19 -23.Omsorgsbustad Balane 17 , blei pussa opp innvendig av vaktmeistrane. Omsorgsbustad Mo 34 fekk nytt kjøkken. Det har vore behov for oppgradering av det elektriske på fleire kommunale bustader. Det har vore skifta råtten kledning på garasjen til Balane 29 – 35 på Øvre Helland.

Kommunen har fire omsorgsbustader på Mo. Ventilasjonsanlegga i bustadene har vore defekt og difor ikkje i bruk. Byggeigar er ansvarleg for at byggeforskrifta er ivaretatt. Det vart investert i tre nye ventilasjonsanlegg i bustadene ut ifrå løyvd investeringsbudsjett i 2016. I 2017 vart det investert eit nytt ventilasjonsanlegg i omsorgsbustad på Mo. Alle fire bustadane er no ferdig oppgradert med nytt ventilasjonsanlegg.

Vegar og plassar

I 2017 vart det asfaltert rund Modalstunet slik at ein kan køyra med rullestol. Det vart også asfaltert ved Mo Handelslag og Mobryggja. Det vart sett opp autovern på deler av Nygardsvegen og Hellandsvegen. Dei kommunale vegane vart kosta og sandfang tømmt. Det vart også kantklypt langs vegane.

Investering i ny lift

Det har no vore investert i ein ny lift til kommunen. Modalen kommune hadde ein lift, årsmoell 2000 som var defekt. Det har vore prøvd å få reparert liften utan at det har lykkast. Vaktmeistrane er avhengig av liften i deira arbeid.

Kommunal bustad, Balane 37

Bustaden vart lagt ut for sal i 2017 og solgt.

Oppgradering av kommunalt uteområde

Det har vore oppgradering av uteområde på Otterstad ved båthamna. Det har vore rydda tre, kjøpt inn utemøblar til området. Prosjektet vart avslutta 2017. Det har vore oppgradering av parken på Øvre Helland. Det vart kjøpt inn møblar til området. Vedlikehald av parken har ikkje vore prioritert dei siste åra. Parken har grodd igjen og har ikkje vore brukt slik det var tenkt når parken vart etablert. Hovudvekta av arbeidet i 2017 har vore å rydda og kvista slik at parken har vorte opnare, trivelegare og meir tilgjengelig. Porten inn til tennisbanen vart reparert. Hyttecontainer vart flytta etter innspel frå vellaget på Øvre Helland. Arbeidet med å rydda parken vil halde fram i 2018. Det har vore arbeid med plastring langs Modalselva ved utløp til Mofjorden.

Brann

Modalen Brannvern vart ein del av Lindås og Meland Brannvern frå 01.05.2017. Brannvernet er leia av brannsjef Karl Johannes Romarheim. Etter fleire år med tett samarbeid slo Modalen brannvern og Lindås og Meland brann og redning (LMMBR) seg saman til eit felles brannvern, kalla Lindås, Meland og Modalen brann og redning. Samanslåinga skjedd 1 mai 2017. Brannsamarbeidet har felles administrasjonen lokalisert ved hovudstasjonen i Knarvik. I løpet av 2017 har mannskapen øvd etter fastlagt øvingsplan som er basert på lokal ROS og risiko. Alle mannskaper skal øva 40 timar pr. år og øvingane skal innehalda oppgåver/ferdigheter som ein trenger ved aksjonar. Øvingane blir laga og organisert av dagtidspersonell frå Knarvik stasjon. Hovudfokus 2017 var auka kompetanse på hjarte/lungeredning og førstehjelp. Har også hatt fokus på sambandsbruk blant mannskaper i Modalen. Både i forhold til bruk av terminalane (radio) og tale/sambandsdisiplin.

Haust 2017 starta arbeidet med kartlegging og planlegging av ny stasjon i Modalen. Dette grunna krav frå Arbeidstilsynets aksjon «Rein brannmann». For å lukka avvika må Modalen gjera større endringar på dagens stasjon. Planlegginga men skisser for mulige løysinga er diskutert mellom representant frå Modalen kommune, verneombod og brannsjef. Framdriftsplan for det vidare arbeidet er lagd.

Konstablar i Modalen fullførte brevkurs frå Norges brannskule haust 2017. Ein stk manglar kurset pr.dd.

Antall oppdrag 2017 var 7 stk. 2 trafikkulykker, 4 helseoppdrag og eit oppdrag akutt forureining. Ein ser ein auke i antall helse relaterte oppdrag. Følgjer Modalen utviklingstrekk lik andre distriktskommunar vil ein i framtida sjå enda ei auke av denne type oppdrag.

Øvingsplan 2017:

18. Mai	Førstehjelpsøving\HLR
7.Juni	Hurtigfrigjeringsøving
Juni	Auka beredskap Modalsdagane
17. Oktober	Kjemikalie og samband øving (sirkeløving)
30. November	Juleavslutning/øving. Sosial samling med heil LMMBR
13. Desember	First responder kurs/ Øving

Innkjøp:

Utstyr kjøpt inn til mannskaper Modalen	Kvifor
Overflate redning utstyr/ utdanning	iht ROS 2015
Kawai jakke og bukse	HMT, Ren brannmann (eigen avtale)
Hanskar	HMT, Ren brannmann (eigen avtale)
Underbeklednig	HMT, Ren brannmann (eigen avtale)
Hjelmar	HMT (eigen avtale)

I tillegg blei da tatt større servicer på utstyrsbil (Ford) og årlig kontroll på tankbil.

Kalkstasjon ved Espeneset

Eit kalkingsanlegg basert på kalkslurrydoserar vart ferdigstilt i 2016 ved Espeneset. Prosjektet er finansiert med tilskot frå staten. Kalkingsanlegget skal vere i drift frå desember til juli.

Vaktordning/ utetenesta

Vaktordninga har fungert bra i 2017. Me har hatt nokon utrykkingar, men det har vore eit rolegare år enn tidlegare.

Sommarjobb

25 ungdommar frå Modalen i alderen 15 – 23 år har hatt sommarjobb i kommunen i 2017. Dei har tilbod om 3 veker. Arbeidet er fordelt på Bryggjeslottet, Modalstunet, Modalen barnehagen og teknisk uteseksjon.

Tilbodet gjeld for ungdom som har gjennomført 10.klasse i Modalen.

Reinholdstenesta

Reinholdarane har arbeidd systematisk med vedlikehalds- og bemanningsplanar. Det har vore nedvask på de fleste offentlege bygga i kommunen. Me har eit godt team som syt for god kvalitet på leverte tenester.

Lysløyper /turløyper

Prosjektet er satt på vent. Det har vore forhandlingar med grunneigarane som ikkje har ført fram.

Landbruk

I Modalen er det i dag 11 aktive bønder, av desse driv 5 med mjølkeproduksjon, 5 driv med sauehald og ein driv med førsal. Aktiviteten i landbruket utløysar i overkant av 2,5 millionar kroner i produksjonstilskot og avløysartilskot, og 56 000 gjennom regionalt miljøprogram til aktiv landbruksdrift. Modalen har sommerstid eit stort tal sauer frå heile regionen på beite, og beitelaga gjer ein god jobb med å organisera dette. Dei har investert i sankegjerder, bruer og radiobjeller.

Arealressurskartet for Modalen kommune vart i 2017 oppdatert av Norsk institutt for bioøkonomi, som med nokre års mellomrom går gjennom alt arealet i kommunen. Kartet gjev detaljert informasjon om areal ressursane i kommunen. Det vert brukt til planlegging, konsekvensutgreiingar, statistikkar og til kontroll av arealtilskot i landbruket. Oppdatering av gardskart er elles ei kontinuerleg og viktig oppgåve for landbrukskontoret, og vert gjort årleg. I Modalen kommune er det 2 642 dekar med jordbruksareal. Dette tilsvarar eit areal på om lag 370 fotballbanar og utgjer 1 prosent av landarealet i kommunen.

AREALRESSURSANE I MODALEN KOMMUNE:		
Arealtype	dekar	%
Jorbruksareal:		
Fulldyrka	1 345	0,4
Overflatedyrka	302	0,1
Innmarksbeite	995	0,3
Skog	33 445	8,8
Bebyggelse/samferdsel	878	0,2
Annet markslag	109 779	28,9
Ikke kartlagt	233 246	61,4
Sum	379 990	100

Kjelder: Arealressurskart (ARS), NIBIO



Dei siste 11 åra er det bygd ned 13 dekar jordbruksareal, tilsvarande 2 fotballbanar, men det er og komen til nytt jordbruksareal på til saman daa 27 daa skog og open fastmark er endra til fulldyrka eller overflatedyrka jord

Bondelunsj

Bondelunsjen er ein møteplass mellom bønder og kommunen og vart arrangert første gong i 2017. Det vart lagt opp til fagleg prat og god mat, og tema som vart drøfta var mellom anna kva som er viktig for godt samarbeid mellom kommunen og bøndene, revisjon av retningsliner for bruk av næringsfondet.

Landbruksplast

Landbrukskontoret i samarbeid med Modalen Bondelag arrangerte innsamling av landbruksplast 2 gonger i 2017. Dette har vore etterspurd av bøndene i kommunen og er eit positivt bidrag til miljøvenleg avfallshandtering i landbruket.

Inspirasjonskveld

Som eit ledd i oppfølging av strategisk næringsplan for Modalen vart det i november arrangert inspirasjonskveld i Bryggjesslottet med fokus på lokalmat og reiseliv. Torstein Hatlevik som driv Håheim gard holdt eit inspirerende foredrag om mat, reiseliv og lokal identitet. Lokale bedrifter serverte spennande rettar og produkt frå Modalen. Totalt hadde 65 stykker frå heile regionen funne vegen til Modalen denne kvelden, ein skikkeleg festkveld.

Skog

Det har vore litt mindre aktivitet i skogen. Det vart i 2017 avverka om lag 60 m³ med tømmer.

Hjorteviltforvaltning

Dei tre valda i Modalen vart i 2016 ein del av bestandsplanområde Storfjellet.

Bestandsplanområde inkluderer Modalen, deler av Eksingedalen og delar av Voss. Det vart utarbeidd og godkjent ein nye felles bestandsplan for bestandsplanområde.

Bestandsplanområde vert administrert av Vaksdal kommune, då dei har størst teljande areal i bestandsplanområde. Samarbeidet mellom kommunane og bestandsplanområde fungerer godt.

Framtid

Vi vil ha fokus på økonomi, vedlikehald av kommunale bygg, samarbeid med Lindås/Meland og Modalen brannvern, landbruk, kommunale vegar, vatn og avlaup, kart/matrikkel og planarbeid.